

# Oppstart av revisjonsarbeid av samarbeidsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF.

Gjeldande samarbeidsavtale varer fram til 01.01.2025. Erfaringar frå siste forhandlingsrunde viste at reforhandling tek tid og involverer mange aktørar. Tidleg oppstart av arbeidet vert gjort for å sikre at ein kjem i mål med framlegg til revidert samarbeidsavtale innan sommaren 2024. Ny samarbeidsavtale kan så leggast fram til politisk behandling i kommunestyra hausten 2024.



Forhandlingsutvalet konstituerte seg i møte 29. mars 2023. Utvalet har valt fastlege og praksiskonsulent Stian Endresen som forhandlingsleiar. I utvalet sit representantar frå både helseføretaket, kommunane og brukarrepresentar. I tillegg deltek ressursar frå KS og sekretariatet i helsefelleskapet.

Dagens avtale regulerer samarbeidsstruktur, ansvarsfordeling, faglege nettverk og ulike retningslinjer i samarbeidet mellom sjukehus og kommunane.

Forhandlingsutvalet ser særleg at det kan verte utfordrande å semjast om avtalar rundt utskrivingsklare pasientar, som det for tida er tvist om forståinga av og som er sendt til nasjonal tvisteløysingsnemnd for å få avklaring på.


Samarbeidsavtalen har eit særskilt fokus på overgangar mellom dei to forvaltningsnivå, og korleis ein skal samarbeide til beste for pasientane. Det vert og lagt vekt på at prioriterte pasientgrupper vert sikra gode tenester og gode pasientforløp..

Forhandlingsutvalet nyttar den nye reviderte rettleiarar for samarbeidsavtalar frå helsedirektoratet. Saman har partane som mål å sikre grunnlag for gode helsetenester til innbyggjarane som vert opplevd å vere trygge og samanhengande.

Samarbeidsstrukturen i helsefelleskapet skal sikre medverknad frå fagmiljø, administrasjon, brukarar og politisk miljø.

Regjeringa frå 2019 oppretta helsefelleskap som verktøy for systematisk arbeid med utvikling av samanhengande helse- og omsorgsteneste mellom primær- og

spesialisthelsetenesta. Helsefelleskapet har ein 3 delt nivåstruktur. I Møre og Romsdal ser denne slik ut :



Partnerskapsmøtet er øvste organ med 1 – 2 årlege møte. På nivået under er strategisk samarbeidsutval samansett med representantar frå dei ulike regionane i fylket. På tredje nivå har ein lokale samarbeidsutval rundt kvart sjukehus og 12 faglege samarbeidsutval som er tversgåande for heile fylket. Som støtte for arbeidet i utvalsstrukturen er etablert eit felles samarbeidssekreteriat.

I kva grad strukturen bygg opp under nasjonale målsettingar vert evaluert som del av prosessen. Dagens samarbeidsstruktur har vore krevjande å etablere og det vert vurdert om ressursbruken står i forhold til vinsten med dagens organisering. Greier ein å utvikle gode pasientforløp med den strukturen som gjeld i dag ?

Nokre tilbakemeldingar viser at det har vore vanskeleg å gjere samarbeidsavtalen godt nok kjend, både i kommunane og i helseføretaket. Forankring på politisk-, fagleg- og administrativt nivå og i pasientorganisasjonane, er difor ein føresetnad. Begge helsenivåa er avhengige av kvarande for å lykkast med å løyse både oppgåver ein har felles og oppåver innan eigne ansvarsområde. Gode pasientforløp mellom helsenivåa er noko av det som er avgjerande for pasienten si oppleving av sitt møte med helse- og omsorgstenestene.

### Noverande samarbeidsavtale mellom kommunar og helseføretak.

Forhandlingsutvalet er slik samansett:

*Frå kommunane:*

Kjetil Leirbekk – Kommunedirektør Averøy kommune (NIPR)

Cato Innerdal – Kommuneoverlege Molde kommune (ROR)

Guri H. Reiten – Advokat Ålesund kommune (SR)

Ragnhild Aarflot Kalland – Leiar forvaltningskontor Volda kommune (SR)

Eilin Reinaas – Brukarrepresentant kommune

Stian Endresen – Leiar for praksiskonsulentordninga, fastlege i Ulstein kommune

Marianne Stokkereit Aasen – KS-representant, kommunedirektør Molde kommune

*Frå Helse Møre og Romsdal HF:*

Eli Klara Otterlei – Samhandlingssjef HMR HF

Jan Rino Austdal - Advokat HMR HF

Kjetil Lundberg – HR-direktør HMR HF  
Trude G. Solenes – Kvalitetsrådgjevar Klinikk SNR Stab  
Paula Ness Skaar - Brukarrepresentant HMR

*Sekretariat:*

Oddvar Marøy – Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre  
Karethe Kristoffersen Aam – Rådgjevar Samhandling HMR

Tekst og foto : Oddvar Marøy